

Lerøy Sjøtroll satsar i Uskedalen.

25.04.2016



Den nye arbeidsbåten til Lerøy Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg ved Skorpo

**Siste tida har det skjedd ei skikkeleg oppgradering av Lerøy Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg utanfor Skorpo. Det er investert i flunkande ny arbeidsbåt, og samstundes har det skjedd eit betydeleg arbeid på heile anlegget. No fyller dei opp att anlegget med smålaks som skal gå der til den er leveringsklar.**

Den nye arbeidsbåten er trekjøla, altså ein såkalla trimaran. Den er 12 meter lang og 4 meter brei. Driftsleiar Jonny Hansen ved Lerøy Sjøtroll sitt anlegg ved Skorpo fortel at dei er veldig fornøgde med den nye båten som er bygd i Fosnavåg. Når den ikkje er i aktivitet ved oppdrettsanlegget, ligg den fortøygd ytterst i båthamna til Uskedal båtlag.

Det har også vore ein del ombyggings- og oppgraderingsarbeid på anlegget i tillegg til at det er gjort omlegging av struktur i arbeidet. Fordelinga av belastninga er betra.

- Alle fortøyninga er skifta, ja, det er svært mykke nytt, fortel driftsleiaaren som er svært fornøgd med oppgraderingsarbeidet som er gjort. Han fortel at produksjonskapasiteten vert den same som før, og at dei no fyller opp anlegget med laks i storleik frå 80 til 200 gram. Den vert så gåande i anlegget til den er leveringsklar når den er 4,5 til 5 kilo.

Oppdrettsanlegget utanfor Skorpo har vakse til ein arbeidsplass av betydeleg storleik. Då Hansen byrja der ved oppstarten i 2007 var det to stillingar.

- No er vi 10 tilsette i heile stillingar, og i tillegg til det kjem vikarar om sommaren og i feriar elles. Dei 10 er busett på strekningen frå Herøysundet til Seimsfoss, seier Jonny Hansen som utgjer Uskedalsinnslaget saman med Oddmund Soldal, om dette.

- I tillegg har vi 3 servicebåtar som er stasjonert i Sveio. Dei servar anlegga i Sunnhordland.

Vi får også vita at dei er svært bevisst på å handla lokalt. Såleis er dei stødige kundar både hos Spar Uskedalen, Slangeservice, Byggeriet og Felleskjøpet for å nemna nokre.

For dei tilsette er det både betryggande og kjekt å sjå at eigarane legg så mykje arbeid ned i dette anlegget. Det viser at dei satsar på Uskedalen!



Den nye båten fortøygd ytst i båthamna.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland